



Terje Tredal
Leknesvegen 134
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8069 - 23/12516

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
15.02.2023

Svar på spørsmål vedrørende faktura - gbnr 196/60

Vi viser til din e-post datert 25.01.2023 vedkomande diverse faktura. Dette svaret gjeld faktura 050002739 som omfattar saksbehandlingsgebyr for mellombels bruksløyve og personleg ansvarsrett. Vi forstår at dine spørsmål gjeld fakturert gebyr for mellombels bruksløyve gitt i vedtak datert 29.04.2022.

Vi er usikker på om mottatt e-post skal vurderast som ei klage på gebyret og har derfor prøvd å nå deg på telefon for avklaring. Då vi ikkje har oppnådd kontakt sender vi derfor skriftleg svar i første omgang. Dersom e-posten skal vurderast som ei klage må du gje tilbakemelding snarast og seinast innan fredag 24. februar.

Du skriv følgjande:

Så har jeg spørsmål rundt den siste fakturaen fra dere. (mangler faktura nr, tot beløp: 8713.- "2.9.4 Mellombels bruksløyve 1 Kr 5 228,- Kr 5 228,-"

*Denne er det jeg har prøvd å fått kontakt med dere om og omvendt.
Spørsmål: Skal jeg betale for mellombels bruksløyve på ein enhet som er ferdig for så og betale ferdig attest når garasjen er oppført?*

*Slik eg tolker gebyret må eg føra opp garasjen for og få ferdig attest på søkt tiltak. Dette er det rett og slett ikkje økonomi til og gjennomføre.
I byggjeperioden fra 1. innsendte søknad til godkjent byggjestart steig byggekostnadene med omlag 500 000.- Dette førte til at eg ikkje har økonomi til og oppføra garasje innanfor tiltenkt byggetid.*

Huset endrar ikkje fasong eller utforming på nokon som helst område sjølv om ein garasje er tilstades eller ei. Derfor ømsker eg og betala ein ferdigattest på tiltaket slik det er i dag. Eg kan ikkje setta meg i større gjeld no med denne rentestigningen samt prisauken som har vart i over 2 år no.

Mykje økonomi hadde kunne vært spart om tiltaket blei godkjent innanfor rimelighetens tid, feilen der kan ikkje eg lastast for.

Om mulig ønsker eg gjerne et møte med dere for å få og komma til enighet da skrivekompetansen ikkje er mi sterkaste side.

Det vart gitt løyve til oppføring av bustad og garasje på eigedomen gbnr 196/60 i vedtak datert 06.07.2020. Bustad og garasje er å vurdere som eitt samla tiltak slik at ferdigattest ikkje kan gjevast før heile tiltaket er ferdig. Ved søknad om mellombels bruksløyve vart det opplyst at garasje ikkje var ferdigstilt. Mellombels bruksløyve er gitt i samsvar med søknad. Frist for ferdigstilling av tiltaket vart sett til 12.10.2022 slik opplyst i søknaden. Saksbehandlingsgebyr er fakturert i samsvar med gjeldande gebyrregulativ for 2022.

Det går fram av plan- og bygningslova § 21-10 at alle tiltak skal ferdigstillast med ferdigattest. Frist for ferdigstilling av tiltaket, gitt i mellombels bruksløyve, er overskriden. Du må derfor senda inn søknad om ferdigattest for tiltaket. Då du opplyser at garasjen ikkje er ferdigstilt og heller ikkje vil bli oppført innanfor planlagt byggjetid, kan du opplysa i søknaden at garasje utgår. Kommunen vil då kunne gje ferdigattest for bustaden og byggesaka vert avslutta. Dersom oppføring av garasje er aktuelt på eit seinare tidspunkt må du senda inn ny søknad om løyve til tiltak dersom garasjen ikkje er omfatta av unntaket frå søknadsplikt i plan- og bygningslova. Det er ikkje knytt saksbehandlingsgebyr til ferdigattest.

Vi gjer elles merksam på at faktura må betalast innan fristen sjølv om du har spørsmål til eller vil klaga på gebyret. Dette går fram av gebyrregulativet pkt. 1, der det mellom anna står at *Klage eller søknad om fritak/reduksjon fører ikkje til utsett betalingsfrist*. Dersom det viser seg at fakturert sum ikkje er korrekt vil då få tilbakebetalt summen.

Spørsmål til dette brevet kan rettast til Anne Lise Molvik på telefonnr. 56 37 50 00.

Spørsmål til utsend faktura og frist for betaling må rettast til Torill Leirvåg på same telefonnr. som over .

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Terje Tredal

Leknesvegen 134

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Terje Tredal

Leknesvegen 134

5915

HJELMÅS